

INNKALLING TIL MØTE I FORSKNINGS- OG FORMIDLINGSUTVALGET

FREDAG 5.2.2015 kl 13.15 – 15.00

Stad: Rom 400, HF-bygget

Innkalt: Tor Trolie (leiar), Helge Sandøy, Henning Laugerud, Anne Beate Maurseth, Erik Bjerck Hagen, Torodd Kinn, Endre Brunstad, Synne Ytre Arne og Sunniva P. Johansen.

Skrivar: Anne Berit Apold

Saker:

- I Godkjenning av innkalling
 - II Framlegging av referat frå møtet 16.10.2015 ([lenke til referatet](#))
 - III Orienteringssaker
-
- 1. Forskingsmelding 2015
 - 2. Forskarutdanningsmelding 2015
 - 3. Forskargruppene og samlingane sine årsrapportar 2015
 - 4. Godkjenning av prøveforelesing – orienteringssak
 - 5. Ymse

1.2.2016 ABA

SAK 1 Forskningsmelding 2015

LLE har frist til 15. februar med å sende forskningsmelding til fakultetet. Forskningsmeldinga skal formelt godkjennast av IR, men FFU har fått i oppgåve å leggje fram eit forslag til IR. Det er forventa at meldinga er på maks 2 sider og tek opp spørsmål/tema som fakultetet har bedt oss svara på.

Forslag til forskningsmelding for LLE for 2015:

Forskningsmelding for LLE 2015

Oppfølging av prioriteringer omtalt i forskningsmeldingen for 2014 og planer og prioriteringer for 2016:

Prosjektet «Fra håndskriftsfragmenter til bokhistorie» (finansiert av UiB og Bergen forskningstiftelse), som startet opp i 2013, med Åslaug Ommundsen som prosjektleder, fortsetter sin virksomhet også i 2016.

Senter for humanistiske rettsstudier (CHLS) som ble etablert januar 2013, har ikke finansiering for videre drift i 2016. Senterets leder Arild Linneberg har søkt NFR om å få senteret etablert som Senter for fremragende forskning (SFF).

Prioritert forskningssamarbeid med andre forskningsinstitusjoner samt samfunns- og næringsliv – lokalt, nasjonalt og intensjonalt:

Gjennom prosjektet «Ludvig Holbergs skrifter» samarbeider LLE med Det Danske Sprog og Litteraturselskap og Københavns Universitet om en full digitalisering av hele Holbergs forfatterskap. Prosjektet er i avslutningsfasen vår 2016.

Det NFR-støttede prosjektet «Contextual Aspects of Text Organization» er et samarbeid mellom LLE og Universitetet i Stavanger.

Innenfor norrøn filologi er det etablert et mangeårig samarbeid mellom LLE og Universitetet i Oslo om «Medieval Norwegian Text Archive» (Menota). Innenfor dette fagområdet arbeides det også med utvikling av et prosjekt om Magnus Lagabøtes landslov, bl.a. i samarbeid med Juridisk fakultet. Forskergruppen LaMoRe har flere forskningsprosjekter innen språkmodellering med lokal, nasjonal og internasjonal finansiering, blant annet Iness, DASISH og infrastrukturprosjektet Clarino.

Elektronisk litteratur har etablert et samarbeid med Bergen offentlige bibliotek i grenselandet mellom forskning og kunstnerisk utviklingsarbeid.

Digital kultur har fått milder frå SIU til student- og forskerutveksling med Universitetet i Montreal. Sigrid Liens NFR-prosjekt «Negotiating History: Photography in Sámi Culture» er et samarbeid mellom fagfeltene kunsthistorie, museologi og sosialantropologi.

LLE er også deltaker i prosjektet LIA – "Linguistic Infrastructure made Accessible", ledet og initiert fra Universitetet i Oslo.

Tverrfaglig og flerfaglige initiativ og satsinger (pågående og planlagte):

Flere av instituttets pågående forskningsprosjekter har et tverrfaglig perspektiv, jf. ovenfor. Instituttet tok i 2014 i samråd med fakultets- og universitetsledelsen et initiativ for å lokalisere Språksamlingene og Norsk Ordbok til instituttet. Vedtak om flytting til UiB er fattet. Arbeidet med dette fortsetter i 2016.

Kort omtale av arbeid for mobilisering og økt deltakelse i Horizon 2020 og annen ekstern finansiert virksomhet:

Det er tatt direkte kontakt med aktuelle miljøer for å informere om Horizon 2020. Viktigheten av å finne ekstern finansiering er understreket. Flere miljøer ser for seg at søknader vil komme.

Tiltak som kan styrke publiseringen, særlig på nivå 2:

Instituttet gir økonomisk støtte til publisering, og til oversettelse

Oppfølging av fagevalueringer:

Det ble ikke gjennomført fagevalueringer ved LLE i 2015.

Enhetene bes om en kort redegjørelse for styrker og svakheter i forskningen ved instituttet på grunnlag av fjorårets resultater:

Publiseringen ved instituttet har vært jevnt høy de siste årene, mens det ser ut til å bli en nedgang i 2015. Det kan skyldes tilfeldigheter, men også at flere prosjekter er under avslutning. Det betyr at den individuelle publiseringen blir viktigere. Alle publisering ved instituttet faller ikke nødvendigvis under Cristin selv om det er faglige publiseringer.

Enhetene bes også om å nevne eventuelle andre forhold som instituttet ønsker å fremheve vedrørende forskning:

Presset på personalet er stort og bemanningsplanen slår ut i negativ retning fordi disiplinene er tro mot undervisningssiden. Tiden til forskning blir et "restfenomen" fordi undervisningsperiodene er meget lange. Ekstern finansiering hentet fra "private" midler blir så dyr at interesserte utenfor statlige organer vegrer seg for å støtte prosjekter fordi mye av bevilgningen vil "forsvinne" i overhead.

Forslag til vedtak:

FFU stiller seg bak forslaget til forskningsmelding for 2015.

SAK 2 Forskarutdanningsmelding 2015

LLE har frist til 15. februar med å senda forskarutdanningsmelding til fakultetet. Forskarutdanningsmeldinga skal formelt godkjennast av IR, men FFU har fått i oppgåve å leggja fram eit forslag til IR. Det er forventta at meldinga er på maks 2 sider og tek opp spørsmål/tema som fakultetet har bedt oss svara på.

Forslag til forskarutdanningsmelding for LLE for 2015:

Forskarutdanningsmelding for LLE 2015

Oppfølging av prioriteringar i forskarutdanningsmeldinga for 2014 og planar og prioriteringar for 2016.

I 2015 innførte LLE ei ny ordning der instituttet (v/ forskingsleiar og ph.d.-koordinator) har eit møte med nye ph.d.-kandidatar og rettleiarane deira. I dette møtet tek me mellom anna opp rettar og plikter for dei involverte i forskarutdanningsløpet og me har fått gode tilbakemeldingar på desse møte. Konkrete planar for 2016 er å kunna tilby alle ph.d.-kandidatane våre meisterklasse/avslutningsseminar når avhandlingsarbeidet går mot slutten. I desse seminarane vil internt eller ekstern ekspertise vurdere delar av kandidaten si avhandling. Me håpar at dette vil motivera kandidatane og bidra til å førebyggja underkjenning.

Tilhøvet mellom forskarutdanning og forskingssatsingar ved fakultetet – skildring av situasjonen og planlagde tiltak.

Instituttet har følgd opp fakultetet si satsing på mellomalderstudiar med ei øyremerkt stipendiatstilling med tilsetjing frå november 2013 til november 2017.

Gjennomstrømming – skildring av situasjonen og planlagde tiltak for å betra denne.

I 2015 hadde LLE 4 disputasar, medan det vart gjennomført 11 disputasar i 2014 og 12 i 2012. Me ser at talet på disputasar varierer frå år til år og det same gjeld talet på innleverte avhandlingar. Berre 3 ph.d.-kandidatar hadde ordinær sluttdato for stipendperioden i 2015, og av desse har 2 levert inn avhandlinga si for vurdering. Trass i låge tal vurderer instituttet gjennomstrømminga som relativt god for 2015. Me har framleis nokre kandidatar (9 stk) som ikkje har levert avhandlinga si etter at ordinær ph.d.-periode er slutt og to som har fått avhandlinga underkjent, men det er vanskeleg for instituttet å setja inn tiltak då dei fleste kandidatane melder at dei er i arbeid utanfor UiB og at det er vanskeleg for dei å finna tid til å arbeida med avhandlinga. For framtida vert det viktig å prøva å sikra at ph.d.-kandidatane er nær innlevering når ph.d.-perioden går ut. Instituttet vil òg sjå til at alle ph.d.-kandidatar har to rettleiarar. Sjå elles tiltak vedr rettleiaropplæring og tiltak mot underkjenning.

Underkjenning – skildring av situasjonen og planlagde tiltak for å halda talet nede (kor mange 1. gangs underkjenningar, kor mange 2. gangsunderkjenningar).

LLE har ikkje hatt nye underkjenningar sidan førre forskarutdanningsmelding. (Ei avhandlinga vart underkjent av komiteen i 2014, men fakultetsstyrevedtaket kom fyrst i 2015. Denne vart rapportert i førre melding). Fleire av kandidatane som tidlegare har fått avhandlinga underkjent har levert inn for 2. gong og fått avhandlinga godkjent. (Ingen ph.d.-kandidatar ved LLE har opplevd 2. gangs underkjenning.) Instituttet har per i dag berre to kandidatar som har fått avhandlinga underkjent og som kan levera inn for 2. gong. Instituttet har innført ei ordning der alle ph.d.-kandidatar skal få

tilbod om meisterklasse/sluttseminar og me håpar dette tiltaket vil bidra til å førebyggja underkjenningar.

Rettleiaropplæring – skildring av situasjonen og planlagde tiltak.

Instituttet har ikkje noko formalisert rettleiaropplæring. Etter planen skulle LLE ha etablert «rettleiarforum» der rettleiarane kunne samlast for å ta opp problemstillingar knytt til rettleiing av ph.d.-kandidatar, men me ventar på initiativ kring rettleiaropplæring frå fakultetet eller UiB sentralt. Instituttet har fokus på rettleiing i møte med ph.d.-kandidat og rettleiar i byrjinga av prosjektet.

Internasjonalisering – skildring av situasjonen og planlagde tiltak for internasjonal rekruttering og ph.d.-kandidatane si deltaking på internasjonale konferansar/utanlandsopphald (ref. informasjon i framdriftsrapportar).

Instituttet har dei siste åra hatt ei god ordning med reisestøtte for lengre utanlandsopphald for ph.d.-kandidatar. I 2015 fekk 4 av stipendiatane våre støtte til å reisa forskingsopphald frå 3-5 månader ved utanlandsk institusjon (stipendiatane gjesta New Jersey Institute of Technology, University of Oxford og to av dei var på opphald ved Københavns universitet). I tillegg var ein stipendiat på ein månads opphald i Paris med støtte frå *Le Programme franco-norvégien* og ein ph.d.-kandidat/universitetslektor er på eit års forskingsopphald i Tyskland.

Instituttet har motteke 4 internasjonale ph.d.-kandidatar som gjester i 2015. Desse kjem frå University of Wisconsin-Madison, Autonomous University of Barcelona, University of Washington og Wuhan University. Gjestene har vore eller skal vera ved instituttet i 3-12 månader.

Instituttet sine utgifter til reisestøtte for ph.d.-kandidatar i 2015 var kr. 217.000,- Det er usikkert om instituttet kan halda fram med ei like god ordning for reisestøtte i framtida.

Karriererettleiing – Skildring av situasjonen og planlagde tiltak.

LLE har ikkje noko organisert karriererettleiing for ph.d.-kandidatar. Instituttet meiner at denne oppgåva bør liggja til fakultetet eller sentralt på UiB.

Publisering: Vurdering av publiseringsverksemda til ph.d.-kandidatane (ref. informasjon i framdriftsrapportane) samt noverande og planlagde tiltak.

Dei fleste av våre kandidatar skriv avhandlinga som monografi, og det vert frå instituttet si side ikkje forventet eller gjort tiltak for at kandidatane skal publisera artiklar i stipendperioden. Me ser likevel at kandidatane våre sender inn artiklar til publisering (om lag 65% har så langt i stipendperioden sendt inn eller fått publisert ein eller fleire artiklar med fagfellevurdering). Me ser òg ei aukande interesse for artikkelbaserte avhandlingar. I framdriftsrapporteringa for 2015 har 8 av våre kandidatar meldt at dei arbeider med artikkelbasert avhandling.

Andre tilhøve som er særskilt viktige for fakultetet si handtering av forskarutdanninga som har endra seg, eller som ein planlegg å endra i perioden.

IF og LLE har i 2015 oppretta to nye forskarutdanningstilbod/lokale forskarskular. Det er eine er eit tilbod for ph.d.-kandidatar i litteratur, kultur og estetiske fag og det andre rettar seg til ph.d.-kandidatar i fagdidaktikk. Frå før samarbeider IF og LLE om den lokale forskarskulen i språkvitskap og filologi.

Forslag til vedtak:

FFU stiller seg bak forslaget til forskarutdanningsmelding for 2015.

SAK 3 Forskargruppene og samlingane sine årsrapportar

Forskargruppene og samlingane ved LLE har skrive årsrapportar for 2015. Sjå vedlegg.

Vedlegg: Forskargruppene sine årsrapportar 2015

 Samlingane sine årsrapportar 2015

Forslag til vedtak:

FFU tek forskargruppene og samlingane sine årsrapportar til orientering

SAK 4 Ny rutine ved vurdering av prøveforelesingsdelen av ph.d.-prøven– orienteringssak

Fakultetet har i brev datert 30.11 2015 informert institutta om at fakultetet har funne det naudsynt å innføra ein meir formalisert prosedyre rundt vurdering av prøveforelesinga til ph.d-graden. Den nye rutinen vert her lagt fram til orientering.



Rutine ved bedømmelse av prøveforelesningsdelen av ph.d.-prøven

(godkjent i FFU, 18.11.2015)

I «Forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Universitetet i Bergen» gis følgende retningslinjer for prøveforelesningen (§ 13.1):

(...) Prøveforelesningen er en selvstendig del av ph.d.-prøven. (...)

Prøveforelesningen skal normalt holdes etter at avhandlingen er innlevert, men før disputasen og skal godkjennes av en bedømmelseskomite nedsatt av fakultetet.

Etter prøveforelesningen sender bedømmelseskomiteen en innberetning til fakultetet, der den gjør rede for hvordan den har vurdert prøveforelesningen. Innberetningen skal konkludere med om forelesningen er godkjent/ikke godkjent. Det skal begrunnes dersom prøveforelesningen ikke anbefales godkjent.

Dersom fakultetet ikke godkjenner prøveforelesningen, må det avholdes ny prøveforelesning. Ny prøveforelesning må holdes over nytt emne og ikke senere enn seks (6) måneder etter første forsøk. Ny prøveforelesning kan bare holdes én gang. Forelesningen bedømmes så vidt mulig av den samme komitéen som den opprinnelige, dersom ikke institusjonen har bestemt noe annet.

Ifølge Forskriften er prøveforelesning og disputas to selvstendige deler av ph.d.-prøven og skal bedømmes særskilt. Disputasen knytter seg til avhandlingen, og godkjent avhandling gir kandidaten rett til å gjennomføre disputasen. Prøveforelesningen har derimot ikke en slik direkte tilknytning til avhandlingen, og må derfor ses som en separat prøve.

Den selvstendige bedømmelsen av prøveforelesningen trenger å markeres tydeligere enn det som ofte er tilfelle i dag. Det anbefales at bedømmelseskomitéen trer sammen umiddelbart etter prøveforelesningen for å avgjøre om den kan godkjennes eller ikke. Komitéens beslutning gjøres deretter kjent for kandidaten og disputasens leder.

Dersom komitéen ikke godkjenner prøveforelesningen, skal den sende en begrunnet innberetning om dette til fakultetet. Såfremt fakultetet tar innberetningen til følge, berammes det ny prøveforelesning i henhold til Forskriftens § 13.1, siste avsnitt.

I henhold til Forskriftens § 13.2 skal «disputasen normalt finne sted etter at prøveforelesningen er avholdt og godkjent». Formuleringen åpner for at disputasen i unntaksfall kan gjennomføres selv om prøveforelesningen er underkjent og på tross av at de nasjonale «Veiledende retningslinjer for graden philosophiae doctor» § 19.1, siste avsnitt, sier at «Prøveforelesningen skal være bestått før disputas kan avholdes.» Det er rimelig å tolke dette slik at en kandidat ved UiB har rett til å kreve at disputasen gjennomføres selv om prøveforelesningen er underkjent. Ny prøveforelesning avholdes i så fall innen de seks måneder Forskriften angir.

Dersom komitéen godkjenner prøveforelesningen, kan innberetningen om prøveforelesningen inngå i samme dokument som komitéens innberetning om disputasen og som oversendes fakultetet.

Dokumenter:

<http://www.uib.no/phd/74390/phd-reglementet>

